

Kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 – informasjon om administrativ leiing og tillitsapparatet si oppfølging

Skjåk kommunestyre har 20.12.2016 gjort vedtak om årsbudsjett for neste år og økonomiplan for dei neste fire åra. I vedtaket heiter det m.a.:

«Rådmannen skal utarbeide plan for å oppnå netto driftsresultat korrigert for premieavvik på minst 0% av brutto driftsinntekter for 2017, og minst 1% for 2018. Kommunestyret skal ha planen til godkjenning innan 28.02.2017. Planen skal omfatte finansiering av nærings- og landbruksavdelinga (utanom nærings- og utviklingssjef) av ordinære driftsmidlar - ikkje bruk av næringsfond - frå 01.01.2017.»

Oppdraget betyr at netto driftsutgifter må reduserast med minst om lag kr 3,4 mill. i 2017 og kr 5,6 mill. i 2018, og kjem altså i tillegg til dei reduksjonane som låg inne i rådmannens forslag.

Det er rådmannen si klare oppfatning at ein så betydeleg reduksjon i driftsutgiftene må kome som følgje av gjennomgang og nøye vurdering av oppgåver og tenester i heile organisasjonen. Planen vil måtte omfatte ei nedbemanning i tråd med dette, sannsynlegvis opp mot 10-11 årsverk.

Rådmannen minner om at det i forslaget til økonomiplan allereie låg inne ein føresetnad om bemanningsreduksjon i storleik 19,6 årsverk. Meir enn halvparten av desse er planlagde å bli tekne bort som følgje av strukturendringar i skule og barnehage, og fordelt over heile fireårsperioden. Det er gode utsikter til at denne delen vil kunne løysast ved naturleg avgang.

Med tilleggsutfordringa som rådmannen har fått så er behovet for nedbemanning truleg i storleik 30 årsverk. Da kan det ikkje sjåast bort i frå at det kan bli nødvendig med oppseiingar frå faste stillingar, men den administrative leiinga i lag med tillitsapparatet skal og vil vurdere alle moglege løysingar for å unngå dette.

Samarbeidet mellom hovduttillitsvalde, hovudverneombod og administrativ leiing om oppfølging av kommunestyret sitt vedtak er allereie i gang. Første møte var 21.12.2016, jf. referat. Det er lagt plan for møte kvar onsdag i heile januar, slik at ein kan sikre ein så god prosess som mogleg fram til kommunestyret skal ha saka til behandling i februar.

Rådmannen opplever generelt eit svært godt samarbeidsklima mellom tillitsapparatet og den administrative leiinga i Skjåk kommune. Dette vil også vera eit godt utgangspunkt for å få til gode løysingar innanfor dei rammene som kommunestyret har bestemt, samtidig som tilsette opplever å bli tekne vare på etter reglane i lov- og avtaleverket.

For å sikre god informasjonsflyt til den enkelte medarbeidar gjennom heile prosessen så vil referat frå dei møta som er nemnt og eventuelt annan relevant informasjon bli lagt ut på kommunens heimeside etter kvart, under fanen «For tilsette».

Like viktig som informasjon er *kommunikasjon*, altså at informasjon, spørsmål eller innspel frå den enkelte medarbeidar når fram til tillitsapparatet og den administrative leiinga. Rådmannen vil derfor minne om at tilsette har to kanalar som kan nyttast; tillitsapparatet (hovdtiltitsvalde og hovudverneombod) eller tenesteveg gjennom den administrative leiarstrukturen.

Skjåk, 22.12.2016

Svein Holen
rådmann